

# Årsrapport frå Dei nasjonale forskingsetiske komiteane 2025



De nasjonale  
forskingsetiske  
komiteane

# Innhold

I. Leiar si melding	3
II. Introduksjon og hovudtal	4
III. Årets aktivitetar og resultat	5
Oversikt over mål- og resultatstyring for FEK	5
Samla vurdering av prioriteringar, ressursbruk, resultat og måloppnåing	5
IV. Styring og kontroll i FEK	16
V. Vurdering av framtidsutsikter	19
VI. Årsrekneskap	20
Stadfesting	20

# I. Leiar si melding

I 2025 var dei viktigaste prioriteringane våre retta mot forskarar og forskingsinstitusjonar. Vi lever i ei meir usikker verd med ei endra geopolitisk situasjon. Situasjonen krev grundige forskningsetiske vurderingar av korleis ansvarleg kunnskapssamarbeid kan gjennomførast. På slutten av fjoråret publiserte FEK ein ressurs om ansvarleg internasjonalt forskings-samarbeid, utvikla av Den nasjonale forskningsetiske komiteen for naturvitskap og teknologi (NENT). Ressursen skal minne forskarar om dei viktigaste normene og korleis gode vurderingar kan gjerast gjennom heile forskingsprosessen. Ho viser til dei mest relevante retningslinene og skal vere eit praktisk verktøy. Vi har òg engasjert oss i pågåande debattar om ansvarleg samarbeid, der det har vore viktig å framheve forskningsetikken si rolle og at institusjonane må ha system på plass for å støtte forskarar når krevjande avvegingar skal gjerast.

Ein stor del av forskinga i Noreg er innan medisin og helsefag, og helseforskinglova er eit sentralt rammeverk for å sikre at denne forskinga er etisk forsvarleg. No får vi ei ny helseforskinslov. Ei viktig endring er bortfall av lovlegheitskontrollen dei regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK) har hatt, og ei tydeleggjering av ansvaret til forskingsinstitusjonane. I 2025 har det vore viktig for FEK å leggje til rette for diskusjonar om korleis den nye helseforskinglova vil påverke arbeidet i FEK og REK framover. FEK skal hjelpe institusjonane i deira arbeid med forskningsetikk, og vil greia ut korleis dette best kan gjerast, mellom anna knytt til behovet for å utarbeida forskningsetiske retningslinjer.

Utviklinga av fagfeltet forskningsetikk skjer i eit samspel med nye utfordringar i samfunnet og forskninga. Dette er særleg tydeleg når det gjeld kunstig intelligens, som har vore eit prioritert tema for FEK i 2025. Vi har arbeidd breitt med tematikken, mellom anna gjennom internasjonalt arbeid der mange diskusjonar handlar om grenser for akseptabel bruk og behovet for openheit. På årskonferansen vår i mars inviterte vi til breie diskusjonar om *Living Guidelines on the Responsible Use of Generative AI in Research*, det sentrale europeiske rammeverket på feltet. Komiteane er einig om at dei forskningsetiske retningslinene som gjeld i Noreg også kan nyttast på KI, og



at EU-kommisjonen sine retningslinjer kan vera eit supplement.

Det er viktig for FEK å delta i internasjonale fora. Der skjer mykje av utviklinga på feltet, og vi tek med oss kompetansen tilbake i arbeidet for å støtte forskarar og forskingsinstitusjonar. I 2025 inviterte vi European Network of Research Integrity Offices (ENRIO) til møte i Oslo. Etter møtet publiserte ENRIO ei uttale om forskingsfridom og forskningsetikk, der dei åtvarar om aukande politisk press mot forskinga. Fleire utviklingstrekk trugar forskingsfridomen og grunnleggjande etiske prinsipp. Uttalen oppmodar forskingsinstitusjonane til å vere budde på å møte utfordringane.

I 2025 har sekretariatet, komiteane og utvala utvikla ein ny strategi som skal gjelde frå 2026 til 2030. Strategien formulerer dei komande års prioriteringar innanfor målbildet frå Kunnskapsdepartementet. Den vektlegg mellom anna utfordringar knytte til KI, press på forskinga og eit aukande mangfald av aktørar i forskingslandskapet. Dette gir fleire moglegheiter, men òg behov for meir forskningsetisk kompetanse. FEK understrekar difor behovet for auka merksemd på alle forskingsutøvande institusjonar.

I dette landskapet er det òg vesentleg at aktørar som forskingsfinansiarar tek eit forskningsetisk medansvar. Det er difor både viktig og gledeleg at Forskningsrådet har teke i bruk eit verktøy for forskningsetisk eigenevaluering i 2025, som FEK har utvikla. Eigenevalueringa tek utgangspunkt i ti spørsmål som viser til dei nasjonale forskningsetiske retningslinene. Med dette har Forskningsrådet tydeleggjort dei etiske krava dei stiller til prosjekt som skal få finansiering,

og kopla krava til anerkjende forskingsetiske normer.

Resultata våre i 2025 har vore som forventa. Vi opplever jamleg auka pågang av saker til Granskingsutvalet som følgje av verknaden av forskingsetikklova. NEM har òg ein jamn og stor tilstrøyming av klagesaker, og dei lovpålagde oppgåvene må prioriterast. Med endringane i helseforskinglova er det eit aukande behov for rettleiing til forskingsinstitusjonane. Lovpålagde oppgåver knytte til saksbehandling blir prioriterte, og dette går ofte på kostnad av anna

førebyggjande arbeid og utvikling av fagleg gode ressursar.

*Helene Ingierd*  
Helene Ingierd


Direktør, De nasjonale forskingsetiske komiteene,  
Oslo, 15. mars 2025

## II. Introduksjon og hovudtal

FEK er det viktigaste fagorganet for forskingsetikk i Noreg og skal bidra til at all forskning er etisk god og ansvarleg. For å oppnå dette er det avgjerande at FEK samarbeider med forskingsinstitusjonar og forskarar, som har eit tydeleg ansvar for forskingsetikk i eigen praksis. Dei regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskingsetikk (REK) er ein sentral samarbeidspartnar, ettersom NEM er klageorgan for vedtak fatta i REK, og òg koordinerer og rettleier REK. Komiteane vart oppretta i 1990. Sidan 2013 har FEK vore eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Komiteane og utvala er fagleg uavhengige, jf. forskingsetikklova § 3.

FEK omfattar følgjande komitear og utval med eit felles sekretariat:

Tabell 1. Komitear og utval		
Navn	Forkorting	Talet på medl.
Den nasjonale forskingsetiske komiteen for medisin og helsefag	NEM	14
Den nasjonale forskingsetiske komiteen for naturvitskap og teknologi	NENT	13
Den nasjonale forskingsetiske komiteen for samfunnsvitskap og humaniora	NESH	14
Nasjonalt utval for gransking av ureieleg forskning (Granskingsutvalet)	GRU	11
Nasjonalt utvalg for vurdering av forskning på menneskelege leivningar (Skjelettutvalget)	SKJ	10



Tabell 2. Hovudtal			
Kategori	2025	2024	2023
Talet på årsverk	12,1	10,4	10,6
Samla tildeling	23 314 000	21 908 000	21 052 000
Utnyttingsgrada av tildelinga	103,3 %	99,8 %	93,2 %
Driftsutgifter	24 085 550	21 859 523	19 613 957
Lønsdel av driftsutgifter	73,4 %	70,5 %	74,9 %
Lønskostnad per årsverk	1 467 829	1481 818	1 385 101

Pengestorleikar i NOK. Talet på årsverk er henta frå lønns- og personalsystemet SAP. Driftsutgiftene er i samsvar med rekneskaps- og økonomisystemet Unit4. FEK gjekk frå kontant- til periodisert rekneskap frå og med rekneskapsåret 2024.

FEK helt til i Kongens gate 14 i Oslo sentrum og deler lokaler med Teknologirådet. Sekretariatet vart i 2025 leidd av Helene Ingierd.

## III. Årets aktivitetar og resultat

### Oversikt over mål- og resultatstyring for FEK

Kunnskapsdepartementet (KD) har fastsett følgjande samfunns mål for FEK:

#### Etisk god og ansvarleg forskning

Følgjande mål er fastsett på brukarnivå:

1. Forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar etisk god og ansvarleg forskning
2. Andre aktørar tek omsyn til forskingsetikk i arbeidet sitt
3. Samfunnet har tillit til forskning

I tildelingsbrevet for 2025 er det angitt at det første målet på brukarnivå skal ha særleg prioritet. Gjennom arbeidet med Mål- og resultatstyring har vi utviklet følgjande mål for produkt og tenester:

- Fagleg gode retningsliner og ressursar
- Profesjonell rådgivning og rettleiing
- Velgrunna uttalar og vedtak
- Relevante møteplasser for erfaringsutveksling og debatt

KD har òg lista opp følgjande styringsparametrar:

1. Forskingsetiske retningsliner skal til ei kvar tid vere gode verktøy for å fremje god og ansvarleg forskning
2. FEK skal oppfattast som ein ressurs for forskingsinstitusjonane i deira arbeid med å fremje god og ansvarleg forskning

I det følgjande rapporterer vi om måloppnåinga, der vi under kvart mål gjer greie for dei mest sentrale aktivitetane og verksemda sine bidrag til observerte og kartlagde effektar. Vi gir òg ei vurdering av effektiv ressursbruk og i kva grad aktivitetane bidreg til FEK si overordna måloppnåing.

### Samla vurdering av prioriteringar, ressursbruk, resultat og måloppnåing

Aktivitetane i 2025 har vore baserte på måla og styringsparametrane som er gitte i tildelingsbrevet. FEK gjennomfører jamlege risikovurderingar og prioriterer dei lovpålagde oppgåvene. Vi har arbeidd systematisk for å halde budsjettet i balanse, mellom anna gjennom å oppdatere rutineane våre for internkontroll.

Den overordna vurderinga er at FEK innfrir måla, og at resultata er som forventa. Nedanfor følgjer ei nærare omtale av dette.

Den overordna vurderinga er at FEK innfrir måla, og at resultata er som forventa.

### III. Årets aktiviteter og resultat

#### Forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar etisk god og ansvarleg forskning

Det meste av FEK si innsats i 2025 var retta mot dette målet. I Noreg har vi god grunn til å tru at forskning i stor grad skjer i tråd med anerkjende forskningsetiske normer. Kunnskapsgrunnlaget vårt er i hovudsak frå prosjektet *Research Integrity in Norway* (RINO), som undersøkte eigenrapportering av brot på forskingspraksisar og meldingar om kollegaer. Likevel må vi ta nokre atterhald: Det er no snart ti år sidan undersøkinga. Undersøkinga omfattar tolv forskingspraksisar, men dekkjer i hovudsak brot som gjeld reielegheitsnormer, og ikkje andre moglege brot på forskningsetiske normer.

Rapportane frå institusjonane til Granskingsutvalet, og sakene som kjem inn der, gir òg innsikt i tilstanden. Forskinginstitusjonar skal rapportere moglege alvorlege brot på anerkjende forskningsetiske normer, jf. forskningsetikklova § 6. Formålet er å samle kunnskap om korleis slike saker vert handtert på tvers av sektoren. Utvalet brukar kunnskapen til å leggje til rette for erfaringsutveksling og debatt, og til å rettleie forskarar og forskingsinstitusjonar i behandlinga av enkeltsaker. Dette var òg bakteppet for seminaret Granskingsutvalet heldt i oktober, der aktuelle problemstillingar institusjonane møter, blei tekne opp. Granskingsutvalet har hatt ein stor auke i saker dei siste åra, som omtalt nærare under. Vi legg til grunn at dette ikkje nødvendigvis uttrykkjer meir ureieligheit, men snarare at verknaden av forskningsetikklova no i større grad kjem til uttrykk i praksis.

Når det gjeld tilstanden ved forskingsinstitusjonane, seier òg rapporteringa noko om korleis institusjonane møter krava om handtering av moglege alvorlege brot på anerkjende forskningsetiske normer. Forskinginstitusjonane skal rapportere om handteringa av alle saker som gjeld moglege alvorlege brot på slike normer, uavhengig av konklusjon. I tillegg gir Riksrevisjonen si etterkontroll av forskningsetikklova frå 2021 eit viktig kunnskapsgrunnlag. Konklusjonen var at opplæringa i forskningsetikk mange stader er mangelfull, og at om lag halvparten av institusjonane ikkje hadde gode nok system for å avdekkje brot. Vår dialog og kontakt med forskingsinstitusjonane tilseier at det har vore ei positiv utvikling dei siste åra. Vårt klare inntrykk er at institusjonane har kome

langt når det gjeld ansvaret for opplæring og for å ha system for å behandle moglege brot på forskningsetiske normer.

Vi veit mindre om korleis andre forskningsetiske saker (saker som ikkje omhandlar brot, jf. lovas definisjon) blir handterte. FEK har tidlegare hatt dialog med Sikt for å bidra til å klargjere institusjonane sitt ansvar for forskningsetikk, og særleg for å unngå ei misforstått samanblanding mellom personvern og forskningsetikk. I «Rammeavtale for personvernassistans i forskning», utarbeidd av Sikt og UHR, som skal gjelde frå 2026, blir ansvarsfordelinga mellom aktørane presisert. I oppfølginga av avtala er det òg viktig å tydeleggjere rolla til Sikt i arbeidet med forskningsetikk. Dette er bakteppet for uttalen om forskningsetikk og personvern som NESH utarbeidde i fjor. Der heiter det mellom anna: «Personvern er altså ein del av forskningsetikken, men etisk forsvarleg forskning handlar om mykje meir, mellom anna god vitenskapleg praksis, deltakarane si tryggleik og velferd, samt eit breiare samfunnsansvar.» NESH understrekar vidare institusjonane sitt ansvar (GDPR art. 5.2 og art. 24; forskningsetikklova § 4), i tillegg til at studentar, doktorgradskandidatar og forskarar har eit sjølvstendig ansvar for forskningsetikken (forskningsetikklova § 5).

**Vi manglar òg kunnskap om status når det gjeld etterleving av forskningsetiske normer i instituttsektoren og i andre forskingsutøvande institusjonar.**

Vi manglar òg kunnskap om status når det gjeld etterleving av forskningsetiske normer i instituttsektoren og i *andre forskingsutøvande institusjonar*, som næringsliv og offentleg forvaltning. Den sistnemnde gruppa er ikkje omfatta av dei same lovpålagde krava til opplæring og system for å handtere brot, jf. lovas definisjon av forskingsinstitusjonar (§ 5). Samstundes er også desse aktørane underlagde formålsparagrafen i forskningsetikklova, som seier: *Lova skal bidra til at forskning i offentleg og privat regi skjer i samsvar med anerkjende forskningsetiske normer.*

Gjennom lova er dessutan forskingsinstitusjonane

gitt ei viktig oppgåve med å sikre at alle som deltek i forskning, har kjennskap til anerkjende forskningsetiske normer, jf. § 5 andre ledd. Vi veit likevel lite om korleis dette blir følgt opp i praksis.

Tett dialog med institusjonane er viktig for å nå målet, og vi har ulike metodar for å sikre dette. Dei viktigaste verkemidla våre er rådgivande uttalar og vedtak, profesjonell rettleiing, utvikling av fagleg gode ressursar og etablering av møteplassar for erfaringsutveksling og debatt.

### **Uttalar, vedtak og profesjonell rettleiing**

Vi prioriterer lovpålagde oppgåver knytte til klagehandsaming og annan saksbehandling: Nesten alle ressursane i FEK er retta mot drifta av komitear og utval, for å sikre effektiv og ansvarleg saksbehandling.

*NEM* har behandla 14 klagesaker. Median saksbehandlingstid er om lag seks veker, medan gjennomsnittet er ti veker, sidan eitt vedtak hadde dissens og tok lengre tid.

*NENT* har i 2025 avgitt uttale i éi forskningsetisk sak, knytt til forskingsformidling, akademisk fridom og institusjonelt ansvar. *NENT* får relativt få saker til behandling, og dei som kjem inn, gjeld ofte ureielegheit som etter forskningsetikklova skal behandlast av institusjonane. Det ser også ut til å vere ein tendens til at faglege usemjer og konfliktrar, som eigentleg burde vore løfta i faglege debattar eller i offentlegheita, i større grad blir framstilt som brot på forskningsetiske normer. Samstundes får *NENT* mange førespurnader om å bidra i opplæringstiltak ved institusjonane. I 2025 har etterspurnaden særleg vore knytt til KI, men òg til andre tema og til generell forskningsetisk rettleiing og opplæring.

*NESH* får periodevis mange saker og har ein jamn straum av henvendingar som krev profesjonell rettleiing. I 2025 har komiteen òg hatt høve til å ta initiativ til anna arbeid. *NESH* ser eit behov for å klargjere rammer og retningsliner knytte til personvern og forskningsetikk i Noreg. Dette byggjer på ei rekke saker komiteen har behandla over fleire år, samt erfaringar og innspel frå studentar, forskarar og tilsette som personvernombod og forskingsadministrasjon. Arbeidet handlar både om å skilje tydeleg

mellom juridiske og forskningsetiske spørsmål, og om å avklare roller og ansvar. Resultatet er oppsummert i «Uttalelse om personvern og forskningsetikk» (17.12.2025).

*Skjelettutvalet* behandla og gav rådgivande uttalar i sju saker. I tillegg ga utvalet rettleiing og råd i samband med fleire andre henvendingar, samt høyringsinnspel til «Høyring – NOU 2025: 3 Ny kulturmiljølov».

*Granskingsutvalet* har dialog med forskarar og institusjonar, primært gjennom behandlinga av saker. I 2025 behandla *Granskingsutvalet* tre ordinære klagesaker og ei anmodning frå Kunnskapsdepartementet om å vurdere spørsmålet om vitskapleg ureielegheit i ei sak om tvungen avslutning av doktorgradsutdanning. For to av sakene blei saksbehandlinga starta i 2024, men uttale i alle fire sakene blei ferdigstilt i 2025. Plagiering var eit tilbakevendande tema i fleire av sakene, i tillegg til brot på normer om medforfatterskap. Forfalsking og fabrikkasjon var òg tema i ei av sakene. I alle fire sakene konkluderte *Granskingsutvalet* med at det førelåg vitskapleg uredeligheit. *Granskingsutvalet* mottok og behandla 14 rapporteringar frå forskingsinstitusjonar om saker som gjaldt moglege alvorlege brot på anerkjende forskningsetiske normer. Vidare mottok utvalet ei rekke henvendingar frå både institusjonar og privatpersonar, som anten blei behandla fortløpande av sekretariatet – eventuelt i samråd med utvalsleiinga – eller tekne opp i utvalsmøte. Desse henvendingane dreidde seg hovudsakleg om moglege brot på forskningsetiske normer og spørsmål knytte til forståinga av forskningsetikklova og behandlinga av ureieligheitssaker ved forskingsinstitusjonane. *Granskingsutvalet* mottok òg ein relativt omfattande mengd innsynsbegjæringar i utvalet sine saker.

Dei siste åra har *Granskingsutvalet* sett ein markant auke i talet på klagesaker, rapporteringar og henvendingar. Sakstilfanget var stabilt høgt i 2025, også samanlikna med 2024. Ingenting tyder på at denne utviklinga kjem til å snu.

Eit utviklingstrekk dei siste par åra er at *Granskingsutvalet* har gått frå å ha ein primært rådgivande rolle til å få eit meir domstolsliknande preg. På grunn av auken i klagesaker har utvalet i stor grad vore nøydde

### III. Årets aktiviteter og resultater

til å konsentrere ressursane sine om behandlinga av desse. Klagesakene har ofte vore komplekse, og det har vore mykje fokus på Granskingsutvalet si saksbehandling og lovtolkning.

Vidare har Granskingsutvalet sett at sakene som kjem til utvalet, og som redelighetsutvala ved forskingsinstitusjonane rapporterer om, ikkje sjeldan inneheld element av personkonfliktar. Dette indikerer at grensene for kva som er uredelighetssaker, og kva som i hovudsak handlar om andre utfordringar og som eigentleg høyrer heime til dømes under HR, kan opplevast som uklare. Elles gir forskingsinstitusjonane stadig uttrykk for eit generelt behov for rettleiing i samband med behandlinga av uredelighetsaker, ikkje minst når det gjeld prosessuelle spørsmål. I tillegg til behandlinga av saker og profesjonell rettleiing per telefon og e-post, bidreg sekretariatsleiarar og direktør med undervisning og foredrag ved ei rekke institusjonar gjennom året, etter vurderingar av kapasitet og relevans.

#### Retningslinjer og lovverk

Det er vidare ei prioritert oppgåve for oss å sikre at forskingsetiske retningslinjer er gode verktøy for å fremje god og ansvarleg forskning. Retningslinjene

formulerer kva som utgjer anerkjende forskingsetiske normer. Utarbeiding og revisjon av desse er sentrale oppgåver for komiteane, men komitear og utval har ulike høve til å prioritere slikt arbeid. NESH, NENT og Skjelettutvalet har revidert retningslinjer og rettleiingar dei siste åra. Når saksmengda er stor, blir det endå viktigare å ha gode verktøy for forskingsetiske vurderingar – samstundes som det gir mindre tid til å utarbeide eller revidere slike. NEM og Granskingsutvalet har ikkje same moglegheit til å prioritere denne oppgåva på grunn av løpande sakshandsaming.

NENT utarbeidde i 2025 forskingsetiske råd om internasjonalt samarbeid. Bakgrunnen er forskarar og forskingsinstitusjonar sitt behov for rettleiing i ein stadig meir krevjande geopolitisk situasjon. Råda skal vere eit dynamisk dokument som blir oppdatert ved behov.

NENT starta òg arbeidet med ein antologi om kunstig intelligens og forskingsetikk. Denne skal fullførast i 2026 og vere ei viktig ressurs for forskarar og andre. NESH ser òg behov for å klargjere forskingsetiske dilemma som gjeld kunstig intelligens, menneske og samfunn. I tillegg til å revidere *Forskningsetisk veileder for internettforskning* (2019), starta komiteen hausten 2025 arbeidet med ein ny rettleiar om

### CASE: Opplæringsressursar

FEK har i 2025 arbeidd vidare med å styrkje tilbodet av opplæringsressursar i forskingsetikk. Målet med arbeidet er å bistå forskingsinstitusjonane i deira arbeid med undervisning og opplæring i forskingsetikk og å bidra til at forskarar, studentar og andre aktørar har kjennskap til anerkjende forskingsetiske normer. I 2025 har vi hatt eit særleg søkelys på å utvikle temasider om aktuelle og/eller etterspurde forskingsetiske tema. Temaside- ne skal innehalde korte oversiktstekstar med tilvising til relevante ressursar og referansar til vidare lesing.

I 2025 har vi utarbeidd to temasider; éi om ureieligheit og éi om urfolk og nasjonale minoritetar. Temaside for ureieligheit tek for seg kva vitenskapleg ureieligheit er, korleis ureieligheit skal handterast og korleis det kan førebyggjast. Temaside for urfolk og nasjonale minoritetar tek for seg kva for forskingsetiske spørsmål denne forskinga reiser.

De nasjonale forskningsetiske komiteane

## Tema: Urfolk og nasjonale minoriteter

Publisert: 01.06.2025

Hvilke forskingsetiske spørsmål reiser forskning med urfolk og nasjonale minoriteter? Målet med denne temasiden er å gi leseren en kort introduksjon og vise hva som finnes av rammeverk, retningslinjer og sentrale ressursar, nasjonalt og internasjonalt.

Innhold

1. Hvem er urfolk og nasjonale minoriteter?
2. Historisk urett
3. Etnisk forskningspraksis
4. Forskingsetiske dimensjoner
5. Nasjonale retningslinjer og rammeverk
6. Globale retningslinjer og rammeverk
7. Internasjonalt samarbeid

Våre temasider er korte oversiktstekstar som skal legge frem og opplyse om sentrale forskingsetiske temoer og problemstillinger. Tekstene henviser til relevante ressursar og referansar til vidare lesing.

kunstig intelligens. Rettleiarar skal ferdigstillast og sendast på høyring i løpet av 2026.

Skjelettutvalet ferdigstilte i 2025 arbeidet med ei nettressurs om handtering av skjelett utan forskingsformål. Ressursen gir rettleiing til privatpersonar og institusjonar om korleis dei best kan handtere menneskelege levningar/skjelett med uvisst opphav og/eller som ikkje blir brukte i forskning eller undervisning, samt rettleiing i vurderingar kring eventuell DNA-analyse.

NEM er derimot i ein situasjon der nesten all tid går til saksbehandling, primært klagesaker. I tildelingsbrevet for 2025 står det under særlege forventningar at Retningslinjer for inkludering av kvinner i medisinsk forskning (NEM, 2001) skal nyttast i vurderinga av nye forskingsprosjekt, og at kravet om å gjere greie for kjønnspektivet skal følgjast opp gjennom dei regionale forskningsetiske komiteane sine rutinar og praksis. NEM har ikkje hatt ressursar til å oppdatere retningslinjene, då komiteen har måtta prioritere klagesaker.

## CASE: Forskingsetiske råd om internasjonalt samarbeid

NENT utvikla i 2025 ein nettressurs med forskningsetiske råd om internasjonalt samarbeid. Bakgrunnen er utviklinga globalt, med auka geopolitisk spenning, polarisering og forsøk på politisk styring av forskning. Mange forskarar er usikre på kvar grensene går for finansiering, publisering eller samarbeid med forskarar frå land der styresmaktene i aukande grad styrer forskinga politisk.

Ressursen er ikkje nye retningslinjer, men ein inngang til forskningsetiske retningslinjer og andre dokument som er relevante for internasjonalt samarbeid. Han trekkjer fram ulike aspekt forskarar bør ha tenkt gjennom før dei startar opp samarbeid – knytt til dei ulike fasane i eit forskingsprosjekt. Kvart punkt leier vidare til relevant rammeverk for utdjujing. Ressursen gir òg råd til forskingsinstitusjonar og finansierarar.

Produktet er utvikla av NENT, men tilvisingane til relevante ressursar er kvalitetssikra av NESH, GRU og SKJ. Produktet er dynamisk og vil bli oppdatert med jamne mellomrom. Det kan sjåast på som eit komplementært dokument til HK-dirs retningslinjer og verktøy for ansvarleg internasjonalt kunnskaps-samarbeid.

2025 var òg eit år der komiteen brukte vesentlege ressursar på å gi innspel til og arbeide med dei kommande endringane i helseforskinglova, som er det sentrale rammeverket for NEM sitt ansvarsområde.


### Møteplassar

Komité- og utvalsmøte er avgjerande møteplassar for at vi skal kunne oppfylle samfunnsoppdraget vårt, og institusjonsbesøk blir rekna som viktige for å oppretthalde god dialog med forskingsinstitusjonane. Det er i desse møta komitear og utval kjem fram til uttalar og vedtak, og der dei utarbeider ressursar.

### Komité- og utvalsmøte

I 2025 hadde NEM sju ordinære komitémøte. I samband med eitt av møta gjennomførte komiteen eit institusjonsbesøk ved NTNU i Trondheim. NEM møtte fleire forskingsmiljø, og temaet for besøket var hovudsakleg forskningsetikk, kunstig intelligens og genetiske analysar. Dei besøkte desse miljøa:

- HUNT (ei befolkningsbasert helseundersøking i



### III. Årets aktiviteter og resultater

Trøndelag), der komiteen drøfta genetiske analysar i forskning på materialet deira. Viktige tema, som til dømes kva gamle samtykke dekkjer, blei diskuterte. Dette førte til at NEM i etterkant blei kontakta av Tromsøundersøkinga for ein samtale om bruk av gamle samtykke i lys av nye metodar for genetiske analysar.

- Forskargruppa Medisinsk teknologi ved SINTEF, der NEM fekk ein lab-demonstrasjon av KI, ultralyd og robotikk, og deltok i diskusjonar om internasjonal datainnsamling.
- In-motion, der dei forskar på bruk av KI for å analysere videoar av spedbarn, med mål om å identifisere dei som har risiko for å utvikle cerebral parese tidlegare enn i dag.
- NorHead ved Norsk senter for hodepineforskning, som òg nyttar KI i arbeidet sitt.

NENT hadde fire ordinære møte i 2025. Møtet i mai blei kombinert med:

- Eit institusjonsbesøk hos Veterinærinstituttet i Trondheim. Temaet var først og fremst oppdrett og dyrevelferd hos akvatiske dyr.
- Eit møte med Norwegian AI Lab (NAIL) ved NTNU. Temaet her var ansvarleg bruk av kunstig intelligens (KI).

I 2025 hadde NESH fire ordinære møte, eitt av dei digitalt. I tillegg blei det halde ei rekke møte i to løpande arbeidsgrupper om høvesvis «personvern og forskningsetikk» og «kunstig intelligens». I samband med det siste møtet organiserte NESH eit institusjonsbesøk i Oslo 26. november. NESH ønskte å lære meir om kunstig intelligens, særleg om aktuelle utfordringar knytte til språk, publisering og tryggleik. Komiteen hadde invitert følgjande:

- Språkrådet
- Scandinavian University Press og The International Association of Scientific, Technical & Medical Publishers (STM)
- Institutt for forsvarsstudiar ved Forsvarets høgskole.

Granskingsutvalet hadde fem ordinære utvalsmøte – tre fysiske og to digitale. I tillegg blei det halde to ekstraordinære digitale møte som følgje av fleire komplekse klagesaker. Vidare blei det gjennomført fem møte mellom utvalsmedlemmer og partar/involverte i klagesaker. Desse møta blei haldne av omsyn

til opplysninga av sakene. Eitt av møta var fysisk, medan dei fire andre var digitale.

Granskingsutvalet gjennomførte også eit institusjonsbesøk 6. mai 2025 ved Universitetet i Oslo (UiO). Der møtte utvalet Felles redelighetsutval for Institutt for klinisk medisin ved Det medisinske fakultetet UiO, Oslo universitetssjukehus HF og Akershus universitetssjukehus HF. Forskingetisk utval ved UiO var òg til stades. I møtet blei det lagt til rette for erfaringsutveksling. Vidare blei følgjande tema tekne opp: system for etterleving av systemansvaret, organisering av forskning ved universitetssjukehus, og organisering av forskning i forskingsgrupper.

Skjelettutvalet gjennomførte fire ordinære utvalsmøte og to ekstraordinære møte. Utvalet hadde òg tre dialogmøte med institusjonar i Helsinki:

- The National Museum of Finland
- The Finnish Heritage Agency
- The Collection and Conservation Centre in Vantaa.

Formålet med møta var å lære og utveksle erfaringar om handtering (forvaltning, forskning, repatriering) av levningar frå urfolk og minoritetar. Utvalet gjennomførte òg to dialogmøte med Medisinsk fakultet og Institutt for medisinske basalfag (Universitetet i Oslo) om forskning og forvaltning av skjelettmaterialet ved Bioantropologisk samling.

FEK og Skjelettutvalet hadde dessutan møte med Australian Institute of Aboriginal and Torres Strait Islander Studies (AIATSIS), som var i Noreg i samband med FEKs årskonferanse 13. mars. Temaet for møtet var forskningsetiske spørsmål i forskning som involverer urfolk, og utvikling av forskningsetiske retningslinjer.

Til saman hadde komiteane og utvala 35 ordinære møte i 2025, i tillegg til møte i arbeidsgrupper og møte med institusjonar, samt arbeid utanfor møtesamanheng. Dette viser ein tydeleg auke i arbeidsmengda for komiteane og utvala, noko som reflekterer både større saksmengde og meir komplekse saker.

#### Andre møteplassar

Årskonferansen for medlemmer og sekretariat blei halde på Nasjonalmuseet og var godt besøkt. Saman med Samarbeidsutvalet, der leiarane og direktøren møttest to gonger i året, er dette den viktigaste felles møteplassen for å leggje til rette for godt samarbeid

Førsteamanuensis Mandy Downing sit i styret i Australian Institute of Aboriginal and Torres Strait Islander Studies (AIATSIS). Ho innleidde om situasjonen for urfolk i Australia under Årskonferansen.



på tvers. Vi tok utgangspunkt i fagleg prioriterte tema for FEK i 2025: urfolk og nasjonale minoritetar, og kunstig intelligens. I tillegg ønskte vi å leggje til rette for erfaringsutveksling knytt til det å vere komité- eller utvalsmedlem, for å bruke desse erfaringane i det vidare arbeidet med opplæring av nye medlemmer frå 2026.

På tvers av desse tema ønskte vi òg å opne for ein diskusjon om behovet for spesifikke forskningsetiske retningslinjer innan dei ulike fagfelta. Land som Australia og Canada har utvikla eigne retningslinjer for forskning som involverer urfolk. I Noreg har Sametinget utarbeidd etiske retningslinjer for samisk helseforskning. Innleiarane understreka behovet for at urfolksmiljø skal ha eigarskap og kontroll over data som blir samla inn om dei, særleg med tanke på at desse data kan nyttast til å utforme politikk som påverkar dei. Eigne retningslinjer kan bidra til betre ivaretaking av urfolk sine perspektiv.

Når det gjeld kunstig intelligens, fekk vi ei presentasjon av *Living Guidelines on the Responsible Use of Generative AI in Research* ved Dr. Daniela Melandri, Policy Officer i European Commission, Directorate-General for Research and Innovation. Dette er det sentrale europeiske rammeverket for ansvarleg bruk av KI i forskning. Vi la opp til kommentarar og refleksjonar frå leiarane i NEM, NENT og NESH om

behovet for retningslinjer. Leiarane var samde om at dei forskningsetiske retningslinjene som alt gjeld i Noreg, òg kan nyttast på KI, og at EU-kommisjonen sine retningslinjer kan brukast som eit supplement.

På *Forskningsetisk forum* i 2025 stod opplæring i forskningsetikk på agendaen. Formålet med forumet er å leggje til rette for erfaringsutveksling og gjensidig læring for dei inviterte. Dette er møteplassen for alle som arbeider med forskningsetikk ved institusjonane, og han er alltid godt besøkt – også denne gongen. Vi ser at forumet er særleg viktig for å sikre god støtte til forskingsinstitusjonane. Det blei tydeleg at institusjonane tek ulike grep for å oppfylle lova sine krav om opplæring, og at det er mange ønskjer knytte til kva for ressursar FEK bør tilby. Vi fekk høve til å gjere ressursane våre betre kjende og motta innspel til det vidare arbeidet med opplæringsressursar.

I FEK har vi òg arbeidd med planar for *opplæring av medlemmane i komitear og utval*, og for å leggje til rette for best mogelege rutinar rundt oppnemninga. Vi hadde møte med Kunnskapsdepartementet og Forskningsrådet tidleg på året for å kome med innspel til prosessen med nye oppnemningar til komitear og utval 2026–2029, mellom anna behovet for tidlege avklaringar, god informasjon og transparente kriterium.

### III. Årets aktiviteter og resultater

Som eit ledd i å planleggje for god opplæring av nye medlemmar, har vi òg arrangert ein workshop i 2025 med representantar frå EU-prosjektet CHANGER. Prosjektet har som føremål å utvikle og formulere ulike metodar for etikkvurderingar i forskning, særleg med tanke på teknologiutvikling og nye forskingsmetodar og samarbeidsformer. Dette er relevant kompetanse for medlemmane våre, og vi sende invitasjon til leiarane, samt representantar frå ulike etikkutval ved institusjonane. Workshopen gav oss i FEK nyttige tilbakemeldingar, mellom anna om behovet for rettleiing rundt organiseringa av arbeidet med handsaminga av forskningsetiske saker og spørsmål ved institusjonane, som ikkje handlar om uredelegheit.

FEK arrangerte *ope møte med SIKT i mai om personvern og forskningsetikk*. Temaet var «Deling og bruk av data i forskning», mellom anna med utgangspunkt i Vidarebruksutvalet si utgreiing *Med lov skal data deles* (NOU 2024: 14). Ein bolk handla om bruk av ny teknologi til å samle inn forskingsdata, og her innleidde mellom andre Alexander Schøll frå SIFO ved OsloMet, basert på røynslene sine med personvern og forskningsetikk i prosjektet KidAd. I same bolk gjorde sekretariatsleiar Vidar Enebakk greie for hovudpunkta i NESH si uttale ([2024/121](#)) om dette prosjektet. Direktør Helene Ingierd innleidde om skilnadene mellom personvern og forskningsetikk. Dette er ein viktig møteplass for FEK for å fremje betre forståing av grenseoppgangane forskningsetikk/personvern, og møtet var godt besøkt.

NENT arrangerte to *digitale opne møte om forskningsetikk og kunstig intelligens*: 8. mai diskuterte Marko Lukic (UiT) og Marija Slavkovic (UiB) om store språkmodellar undergrev akademisk integritet, eller om dei berre avslører utfordringar academia har hatt lenge. Dei snakka òg om bærekraftsutfordringar knytte til utvikling og bruk av KI. Webinaret hadde 120 påmelde.

12. november snakka Michael Riegler (Simula, OsloMet) og Heidrun Åm (NTNU) om forventningar og fallgruver knytte til KI i forskning. Kva ansvar har forskarane, og kva må vere på plass før KI kan takast i bruk? Webinaret hadde 180 påmelde. I tillegg har komitéleiar og sekretariatsleiar delteke på ulike arrangement, seminar og konferansar, der KI ofte har vore eit tema.

Granskingsutvalet avheldt *seminar* 4. november 2025 på Litteraturhuset i Oslo. Seminaret omhandla røynsler med aktuelle forskningsetiske problemstillingar frå det dåverande utvalet, som skulle avslutte perioden sin ved utgangen av året. Utvalet delte røynslene sine gjennom fire tema: vilkåra for å konstatere vitenskapleg ureielegheit, korleis ein skal trekkje den nedre grensa for plagiat, forskningsetikken sine grenseflater, og rapportane Granskingsutvalet mottar frå forskingsinstitusjonane. Temaene såg ut til å engasjere publikum, som bidrog aktivt med spørsmål til diskusjon. Seminaret var fullteikna, og særleg relevant for dei som arbeider med uredelegheitssaker ved institusjonane.

Utvalet delte røynslene sine gjennom fire tema: vilkåra for å konstatere vitenskapleg ureielegheit, korleis ein skal trekkje den nedre grensa for plagiat, forskningsetikken sine grenseflater, og rapportane Granskingsutvalet mottar.

#### Andre aktørar tek omsyn til forskningsetikk i arbeidet sitt

I Noreg er det klare politiske målsetjingar om auka forskning, òg utanfor dei etablerte forskingsinstitusjonane. Dette krev auka kompetanse og fokus på forskningsetikk. I FEKs nye strategi heiter det: «Det aukande mangfaldet av aktørar i forskning gir nye moglegheiter for kunnskapsutvikling, men òg eit større behov for forskningsetisk kompetanse hos fleire.» Målet favnar mange ulike aktørar, som alle forskingsutførande institusjonar (i tillegg til forskingsinstitusjonar); oppdragsgivarar; samarbeidspartnarar; politiske styresmakter; finansierarar; og brukarar.

Dei siste åra har FEK prioritert å ha ein tett dialog med *Forskningsrådet*, fordi dette er ein stor og viktig aktør i det norske forskningssystemet. Internasjonalt er det etter kvart mykje merksemd rundt den viktige rolla forskingsfinansierande instansar kan spele i arbeidet med forskningsetikk. I 2025 har vi følgd opp dialogen rundt den nye forskningsetiske eigenevalueringa i Forskningsrådet. Vi har mellom anna hatt samtalar om behovet for evaluering og utviding av eigenevalueringa. FEK har i denne samanhengen understreka at om det er forskning, er det dei forskningse-

tiske retningslinjene som gjeld, og at forskingsinstitusjonane har ansvar for at samarbeidspartnarar kjenner til forskingsetiske normer. Forskingsrådet bør òg stille krav om dette ved finansiering, og leggje til rette for tydelege avklaringar av kva som er forskning og kva som ikkje er det.

FEK har òg prioritert å bistå *HK-dir* og *Forskningsrådet* i arbeidet med å vidareutvikle retningsliner for ansvarleg internasjonalt samarbeid. Desse skal vere ei støtte for institusjonar og fagmiljø. FEK fekk ei førespurnad om å bidra med ein ressurs om medforfattarskap i internasjonalt samarbeid, som mellom anna omtalar kva for typiske vegval som finst, og forskjellar mellom fagmiljøa. FEK meiner det er viktig å bidra til dette, då vi opplever at medforfattarskap stadig er eit dreiepunkt for mange konflikter og saker om ureieligheit. Med innspel frå samtlige komitear og utval leverte derfor FEK ein tekst som skal tydeleggjere kva forskingsetiske normer som gjeld, og korleis ein bør gå fram for å sikre at dei blir ivaretekne.

Medlemmer frå Granskingsutvalet og tilsette i sekretariatet deltok på seminar i *Det Norske Videnskaps-Akademi* 29. august 2025, der diskusjonstemaet var kven som skal reknast som part etter forvaltningslova i saker om mogelege brot på anerkjende forskingsetiske normer. Dette var ei sentral problemstilling for Granskingsutvalet i 2025, og var gjenstand for omfattande debatt med andre aktørar i miljøet.

NEM har behandla ei førespurnad frå ei *arbeidsgruppe nedsett av Justis- og beredskapsdepartementet*. Arbeidsgruppa hadde som mandat å vurdere og foreslå rettslege rammer for bruk av biologisk materiale innhenta i strafferettspleia til rettsmedisinsk metodeutvikling, kvalitetssikring og forskning. Også sekretariatsleiar for NESH, Vidar Enebakk, har delteke på møte i arbeidsgruppa.

Endringar i helseforskinglova har òg i år teke ein del tid for NEM. NEM har gitt innspel til Stortingskomiteens behandling av lova, og hatt fleire møte med *Hesledirektoratet* i samband med oppdraget dei har fått av Helse- og omsorgsdepartementet om å utarbeide ein rettleiar til helseforskinglova. I samband med endringane som kjem, har fleire institusjonar vore i kontakt med NEM, og sekretariatsleiaren har vore ute og informert om kva betydning endringane

vil ha særleg for registerforskning.

NEM har òg delteke på ein rundebordskonferanse arrangert av *Legeforeninga* i samband med oppstarten av revisjonen av Taipeikonvensjonen.

Ein gong i året samlast REK, NEM og tilhøyrande sekretariat til eit felles møte, det såkalla Storfellesmøtet. NEM er ansvarleg arrangør og samarbeider om plan, innhald og gjennomføring med ei REK-komitè på rundgang. På Storfellesmøtet blir overordna forskingsetiske tema diskuterte, men òg konkrete saker som har vore vurderte i REK og/eller NEM. Møtet har som føremål å gi opplæring, og å bidra til auka refleksjon rundt forskingsetiske problemstillingar. I tillegg er Storfellesmøtet ein viktig arena for å bli kjent, samarbeide og samhandle på tvers av komiteane og sekretariata.

I 2025 gjekk Storfellesmøtet over to dagar med 140 deltakarar i Oslo. Tema var endringar i helseforskinglova, vektning av forskingsetiske dilemma og markering av REK 40 år. Det blei gjort opptak av presentasjonane, som blir brukte til intern opplæring og repetisjon hos komitear og sekretariat i REK og NEM. FEK v/NEM har òg i 2025 hatt eit godt og omfattande samarbeid med REK-systemet. I tillegg til Storfellesmøtet blei det avheldt to møte i arbeidsutvalet (AU) mellom REK og NEM. FEK v/NEM har i 2025 òg arrangert eit fysisk dagskurs for nye komitémedlemmar i REK. Føremålet med kurset var å bli



*Storfellesmøtet: Kari Steig og Elisabeth Vigerust, HOD.*

### III. Årets aktiviteter og resultater

kjent med kva som er REK sitt samfunnsoppdrag, og kva rolle medlemmen har. Kurset gav ei innføring i dei viktigaste lovene og etiske normene for å oppnå harmonisert praksis, samt ei innføring i korleis ein vurderer ei søknad. Det blei gjort opptak av presentasjonane, som blir brukte til intern opplæring og repetisjon hos komitear og sekretariat i REK og NEM.

Direktør og sekretariatsleiarar i høvesvis Granskingsutvalet, Ragnhild Aursnes Dammen, og NESH, Vidar Enebakk, har delteke på møte i *European Network of Research Integrity Offices* (ENRIO). Direktøren sit i styret til ENRIO og har delteke i utviklinga av ny strategi og i arbeidsgrupper rundt tema som forskningssikkerheit og kunstig intelligens. Ho leier òg arbeidet med ein rapport som skal utvikle omforente definisjonar av sentrale nøkkelomgrep knytte til forskningsetikk i Europa. Ingierd sit òg i planleggingskomiteen for verdskonferansen for forskingsintegritet (WCRI), som blir arrangert i Vancouver i mai 2026. Her har ho bidrege i planlegginga av det faglege programmet, særleg gjennom å få godkjent forslag om ein plenumssesjon på konferansen om forskningssikkerheit og forskningsetikk. Dette blir sett på som ei god moglegheit til å løfte fram sentrale problemstillingar som vi i FEK ønskjer belyste på den globale møteplassen for forskningsetikk.

Sekretariatsleiar for NEM, Camilla Bø Iversen, har delteke på tre møte med *European Network of Research Ethics Committees* (EUREC), eitt av dei fysisk. Bø Iversen har òg delteke på årsmøtet til *Den Nationale Videnskabsetiske Komité*, som dei held saman med *De Videnskabsetiske Medicinske Komitéer* (VMK) i Danmark. Tema var bruk av KI i saksbehandlinga.

Lene Os Johannessen heldt innlegget «Indigenous peoples and national minorities in research» på 34th *NEC Forum* i Warszawa 26. juni 2025. NEC Forum samlar dei nasjonale råda for bioetikk og vitenskapsetikk i EU-landa.

Ingierd er oppnemnd som kontaktpunkt for ERA-tiltak nr. 18 om etikk og integritet, og har delteke på møte om dette i regi av Kunnskapsdepartementet. Tiltaket er retta inn mot ei målsetjing om eit koordinert rammeverk for integritet og etikk i forskning og innovasjon i Europa.

Ingierd har òg delteke på mottakingar for utanlandske gjester som arbeider med forskningsetikk, mellom anna frå Australia, Thailand og Kina, med presentasjonar om det norske systemet. 26. mai deltok direktør og NESH-leiar Heidi Østbø Haugen på møte i regi av Kunnskapsdepartementet i samband med besøk frå det kinesiske forskingsdepartementet, The Ministry of Science and Technology (MOST). 7.–8. mai vitja NESH-leiaren Taiwan og National Yang Ming Chiao Tung University, der ho fortalde om NESH og delte erfaringar med utvikling av opplæringsressursar.



## Samfunnet har tillit til forskning

I den nye strategien vår blir svekt tillit til nokre forskingsfelt framheva som eit av utviklingstreka som påverkar prioriteringane våre framover. Tillit til forskning må sjåast i nær samheng med tillit i samfunnet elles, ettersom forskning og politikk har blitt tettare integrerte (Thue m.fl., 2022). Studien *Tillit og turbulens: Endringer i tillit til forskning i Norge 2019-2024* (Wollebæk m.fl., 2026) viser at det generelt er høg tillit til forskning i Noreg, men at tilliten er svekt innan nokre forskingsfelt. Til dømes rangerer tillit til forskning på kjønn og likestilling lågt, rundt 40 prosent på slutten av perioden 2019–2024. Studien understrekar korleis tillit til forskning er kopla til større samfunnsstraumar, men peikar samstundes tydeleg på samanhengen mellom forskningsetikk og tillit: Etterlevinga av sentrale forskningsetiske normer, som uavhengigheit, kvalitet og formidling av vitenskapleg uvisse, er avgjerande for tillit.

Det er en viktig skilnad mellom tillit som empirisk fenomen og tillit som normativt omgrep: at folk faktisk har tillit til forskning, og at folk har gode grunnar til å ha tillit til forskning.

Det er ein viktig skilnad mellom tillit som empirisk fenomen og tillit som normativt omgrep: at folk faktisk har tillit til forskning, og at folk har gode grunnar til å ha tillit til forskning. FEK skal bidra til tillitsverdighet, ikkje blind tiltru. Dette gjer vi gjennom alt arbeidet vårt, ved å byggje opp under at forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar anerkjende forskningsetiske normer, samt at andre aktørar tek medansvar for forskningsetikk. Med andre ord: at vi har gode system som sikrar og fremjar ansvarleg forskning. I arbeidet med å bidra til tillitsverdighet meiner vi det er særleg viktig å spreie kunnskap om forskinga sine grunnleggjande normer til ei større offentlegheit. Slik kan vi auke forståinga for at forskinga sine normer og metodar gjer at vi kan ha stor tiltru til den kunnskapen som blir produsert.

### Utvikling av nye nettsider

Nettsidene er vår viktigaste kanal for ekstern kommunikasjon. Forskningsetikk.no er per i dag struktu-

rerte på bakgrunn av korleis organisasjonen FEK er bygd opp. Nyare kunnskap om navigasjon på nettsider viser nokså eintydig at det er meir intuitivt å finne fram i ein temabasert struktur. Vi gjennomførte ei brukarundersøking på nettsida for å undersøkje om dette òg gjeld brukarane våre. Nesten 70 prosent stadfesta at dei føretrekkjer ein temabasert struktur. Undersøkinga viste òg at vi har mykje innhald brukarane er interesserte i, men at dette kan vere noko utilgjengeleg. Vi planlegg derfor ei omlegging av strukturen, samstundes som vi vil leggje betre til rette for søk. Prosjektet skal etter planen ferdigstillast i 2026.

Talet på besøk på nettsidene har vore nokså tilsvarende som for føregåande år. Talet på sidevisingar har gått ned, utan at det er mogleg å sjå ei eintydig forklaring på dette. Nedgangen kjem mellom anna tydeleg fram på dei engelske sidene, utan at enkeltressursar skil seg spesielt ut. Eit element som spelar inn på talet på sidevisingar, er at det i 2025 ikkje er publisert innhald frå Magasinet Forskningsetikk, ettersom magasinet er under omlegging til heilt digital utgåve.

Tabell 3	2025	2024	2023
Sidevisingar totalt	474 810	848 109	1 766 540
Sidevisingar på engelsk	120 388	216 686	476 483
Talet på besøk	256 037	271 633	321 750
Økter på mobil (inkl. nettbrett)	45 323	54 655	76 869

Dei mest brukte ressursane er framleis retningsliner, særleg innan samfunnsvitenskap og humaniora, og for forskning med dyr. Enkeltartiklar om metode er òg mykje brukte. Sjølv om besøk frå Noreg dominerer, er nettsidene òg mykje brukte i andre land, som USA, Kina, Storbritannia, Filippinane og India.

### Digitalisering av Magasinet Forskningsetikk

I løpet av året har arbeidet til redaktøren i hovudsak vore konsentrert om å leggje grunnlaget for omlegginga av Magasinet Forskningsetikk frå papirbasert utgiving til ei utelukkande digital publisering. Dette har omfatta strategiske avklaringar om føremål, målgrupper og redaksjonell profil i ein digital kontekst, samt arbeid med konsept, struktur og innhaldsfor-

mat for den komande nettutgåva. Parallelt er det arbeid med planlegging av utvikling av nye arbeidsflytar tilpassa løpande digital publisering. Overgangen inneber eit betydeleg utviklingsarbeid, men gir samstundes nye moglegheiter for meir aktuell, tilgjengeleg og fleksibel formidling av fagstoff.

Omlegginga må òg sjåast i lys av verksemda sitt mål om å bidra til kunnskap om dei verdiane, prinsippa og normene forskingsetikken er tufta på. Fagbladet er i denne samanhengen ein viktig kanal for uavhengig kvalitetsjournalistikk om aktuelle tema innan forskingsetikk, og utviklinga av ei ny digital plattform er eit sentralt grep for å vidareføre og styrkje denne rolla. Lansering av den nye nettutgåva er planlagt før sommaren eller like etter sommaren komande år.

### Deltaking i offentleg debatt

FEK ønskjer å løfte forskingsetiske spørsmål i offentlegheita, og vi lever i ei tid der dette framstår som særleg viktig. Direktøren har engasjert seg i diskusjonar om forskning under press og forskingsfridom, mellom anna gjennom ein kronikk i Aftenposten: «Kva skjer når forskinga sine vaktbikkjer forsvinn?»

Kronikken blei skriven etter innsetjinga av Donald Trump som USAs president og etter fleire urovekjande grep med tyding for den frie forskinga og andre forskingsetiske normer. Kronikken skildrar ulike typar press på forskinga og forskingsetiske komitear si rolle som ei vaktbikkjefunksjon som skal verne forskinga, mellom anna mot eksternt politisk press. I kjølvatnet av dette tok Ingierd òg til orde for ei europeisk uttale om press på forskingsetiske normer og behovet for å verne og styrkje desse normene. Denne uttalen blei publisert av ENRIO, og finst her: [Research Integrity as a Safeguard for the Freedom of Scientific Research in Responsible International Collaborations](#).

Direktøren har òg engasjert seg i diskusjonar om ansvarleg internasjonalt samarbeid. Dette er pågåande diskusjonar blant forskarar og ved mange forskingsinstitusjonar, ikkje minst om samarbeid med Israel. Særleg viktig har det vore å framheve forskingsinstitusjonane sitt ansvar, og at mange av spørsmåla som blir reiste om samarbeid, er forskingsetiske. Forskarar må gjere mange av avvegingane, og dei må få støtte frå institusjonane.

## IV. Styring og kontroll i FEK

### FEK si overordna vurdering av styringa og kontrollen for verksemda

FEK arbeider systematisk med styring og kontroll i verksemda. I tryggleik- og beredskapsgruppa (SOB) deltek tre av trettente tilsette, høvesvis direktør, HR- og økonomiansvarleg og personvernombod. Det er ei generell utfordring at sekretariatet har få tilsette, samstundes som det blir stilt omfattande krav til arbeidet med tryggleik og beredskap.

### Samfunnstryggleik og beredskap

FEK har eit styringssystem for sikkerheit i samband med tryggleiks- og beredskapsarbeidet, som også er samordna med leiingssystemet for informasjonsstryggleik og den øvrige verksemdsstyringa. FEK har kartlagt eigne verdiar og avhengnader i samband med tryggleiks- og beredskapsarbeidet. Kompetansen i sekretariatet er identifisert som ei av dei viktigaste verdiane. Storleiken på sekretariatet inneber

ei sårbarheit når det gjeld spisskompetanse som er vanskeleg å erstatte. Vi har ein kontinuitetsplan for bortfall av kompetanse og har gjennomført viktige risikoreduserande tiltak knytte til nedteikning av rutinar.

Personopplysningar er òg identifiserte som ein verdi som må vernast. FEK har stort søkelys på gode rutinar på dette området og gjennomfører risikoreduserande tiltak som til dømes kompetanseheving og bevisstgjerjing av tilsette. Samstundes er det ei høg grad av medvit på dette området blant tilsette, då personvern er ein del av forskingsetikken. I 2025 hadde vi eit møte på NUPI for å drøfte korleis små verksemdar best kan imøtekomme krava til tryggleik.

Krise- og beredskapsplanverket i FEK omfattar beredskapsplan, inkludert ein pandemiplan, og ROS-analyse, som dekkjer dei tre sikkerheitsområda samfunnstryggleik og beredskap, nasjonal tryggleik,

og informasjonssikkerheit og personvern. Beredskapsplanen og ROS-analysen for FEK blei gjennomgått og reviderte våren 2025. Dei områda vi vurderer som har høgast risiko for verksemda, er cyberåtak, personopplysningar på avvegar og pandemi. Dei uønskte hendingane er valde ut frå ei vurdering av kva som er mest aktuelt for FEK, i lys av eigne erfaringar og generelle tendensar i samfunnet, slik dei mellom anna er skildra i årlege risikovurderingar frå Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM).

I 2025 gjennomførte sekretariatet ei øving om bruk av kunstig intelligens i arbeidet. Føremålet var å identifisere moglegheiter og utfordringar knytte til verktøy, og å avdekkje behov for vidare opplæring og rutinar, mellom anna knytte til personopplysningar på avvegar. Dei tilsette fekk presentert eit scenario som dei først skulle reflektere over på eiga hand, før vi diskuterte i fellesskap. Øvinga var som følgjer:

*Du bidreg i arbeidet med ei antologi. Ein av artiklane skal omsetjast til engelsk før publisering. Du har ikkje budsjett til å bruke ekstra midlar på omsetjing, og bestemmer deg for å nytte gratis omsetjingsverktøy. Korleis går du fram?*

*Kollegaen din hjelper òg til i arbeidet. Ho nytta ChatGPT for å gjere omsetjinga. Kan det vere problematisk? Kva må ho vere ekstra merksam på?*

*Då kollegaen din la dokumentet inn i ChatGPT, kopierte ho òg inn honorarinformasjon, inkludert kontaktinformasjon og personnummeret til forfattaren av artikkelen. Korleis skal ho handtere dette?*

Det kom mange gode refleksjonar, som òg avdekte behovet for meir opplæring i ulike verktøy og utarbeiding av retningslinjer. SOB-gruppa følgjer dette opp.

I 2025 gjennomførte sekretariatet ei øving om bruk av kunstig intelligens i arbeidet.

Vi har gjennomført ei kartleggingssamtale med HK-dir om tryggleiksarbeidet.

Alle tilsette deltek på kurs i tryggleiksmånaden i regi av XtraMile.

## **Informasjonstryggleik og personvern**

Informasjonstryggleik handlar om å sikre informasjon og informasjonsverdiar, uavhengig av om dei er lagra digitalt eller ikkje. Eit systematisk og planmessig arbeid for å sikre informasjonsverdiene våre er ein sentral del av arbeidet i FEK. Både interne og eksterne skal kunne stole på at FEK sikrar informasjon i alle former, og at informasjon ikkje blir kjent for uvedkommande (konfidensialitet), ikkje blir endra utilsikta eller av uvedkommande (integritet), og er tilgjengeleg ved legitimt behov (tilgjengelegheit), jf. Leiingssystem for informasjonssikkerheit og personvern i FEK 2024.

Å sørge for at behandlinga av personopplysningar er i samsvar med personopplysningslova og anna relevant regelverk, er ein sentral del av FEKs forpliktingar. Eit systematisk og planmessig arbeid for å sikre at desse forpliktingane blir overhaldne i FEK, er avgjerande for å ivareta rettane og personvernet til dei personane vi behandlar opplysningar om, og for å ta vare på den tilliten FEK er avhengig av.

Vurderinga frå HK-dir er at FEK har ei tilfredsstillande etterleving av krava i Kunnskapsdepartementets policy for informasjonstryggleik og personvern. FEK vil framover vidareføre det arbeidet som blir gjort, og følgje anbefalingane frå HK-dir.

## **Effektivisere konsulentbruken**

FEK nytta ein konsulent frå Deloitte til eit mindre oppdrag som handla om å vurdere ein omstridd kontrakt med IT-leverandør i 2025.

## **Lærlingar**

FEK har vurdert moglegheita for lærlingar, men teke i betraktning verksemda si storleik har dette ikkje blitt gjennomført i 2025.

## **Desentralisert arbeid**

FEK har vurdert mulighetene for desentralisert arbeid, men tatt i betraktning virksomhetens størrelse og egenart, er dette ikke gjennomført.

## **Motverke arbeidslivskriminalitet**

FEK følgjer lov og forskrift om offentlege anskaffingar og nyttar anskaffingsordningar via staten ved DIFI der det er mogleg. Dette gjeld reiseavtale, anskaffing av kontorrekvisita, mobiltenester og datautstyr. Vi gjennomfører anbod, òg for mindre innkjøp.

## IV. Styring og kontroll i FEK

### FNs berekraftsmål

FEK skal bidra til at forskinga i Noreg er etisk god og ansvarleg. Forsking som skjer i samsvar med anerkjende forskningsetiske normer, er forskning som byggjer opp under berekraftsmåla. For å oppfylle den overordna målsetjinga gir FEK råd til forskarar, forskingsinstitusjonar, styresmakter og andre om forskningsetiske spørsmål. Nokre av desse råda handlar eksplisitt om korleis forskning kan gjennomførast i tråd med forskningsetiske retningslinjer for berekraftig utvikling.

FEK nyttar skybaserte system. Det inneber ei optimalisering av dokumentlagring som både er gunstig med tanke på personvern og ressursbruk.

FEK vurderer nøye om det er behov for reiser. Komitear og utval har enkelte digitale møte, men har vurdert det som mest føremålstenleg med fysiske møte som hovudregel, gitt arbeidet sin eigenart.

### Likestilling og mangfald

FEK ser på mangfald og inkludering som ei styrke, og vi ønskjer at dei som arbeider hos oss skal spegle mangfaldet i befolkninga. Som offentlig instans har FEK jobba mykje med å sikre universell utforming av nettsidene. Vi arbeider òg kontinuerleg med å vurdere om ressursane våre treffer målgruppene våre. Arbeidet for likestilling og mot diskriminering på dei ulike personalområda kjem til uttrykk på fleire måtar i verksemda. Vi gir her ein utfyllande kommentar på eitt område.

#### *Personalområdet: høve til å kombinere arbeid og familieliv*

Arbeidsgivar legg opp til at FEK skal vere ein arbeidsplass der det er god moglegheit til å kombinere arbeid og familieliv. Vi har ein god seniorpolitikk, og tilsette fortset å jobbe etter at dei har fylt 67 år. Vi bestrebar oss på å leggje til rette for arbeidstid tilpassa den enkelte, der dette er mogleg. I 2025 har vi oppdatert lønnspolitikken vår for å styrkje seniorpolitikken ytterlegare.

Avtale om heimekontor legg til rette for praktiske utfordringar som følgjer av kombinasjonen arbeid og familieliv. I tråd med avtalen tilsette kan inngå med arbeidsgivar, er det høve til inntil to dagar med heimekontor i veka. Vidare praktiserer FEK fleksibel

arbeidstid, også utover kjernetida som gjeld i staten. FEK hadde i 2025 tolv fast tilsette og éin mellombels tilsett. Kjønnbalansen totalt i verksemda (tal): 11 kvinner og 2 menn i 2025.

### Helse-, miljø- og tryggleiksarbeid

FEK arbeider systematisk med HMS, og har gjennomgått og oppdatert rutinane for internkontroll i 2025.

Det blei gjennomført vernerunde i 2025.

Direktør gjennomførte medarbeidersamtalar med alle tilsette. FEK har òg arbeidd systematisk med å følgje opp tiltak frå Medarbeidarundersøkinga i staten, MUST, som blei gjennomført i 2024.

Sekretariatet i FEK har utarbeidd eit sett med verdiar. Målet er at verdiane skal vere ei rettesnor i arbeidet vårt og i relasjonane våre framover. Dei skal vurderast og diskutert jamleg, mellom anna i medarbeidersamtalar. Dette skal leggje til rette for samtalar om kva som kjenneteiknar ein trygg og inkluderande arbeidsplass, som del av eit kontinuerleg arbeid for godt arbeidsmiljø i FEK.

Sjukefråværsprosenten i 2025 var 6,45 %, der 1,62 prosent var eigenmeldt.



Tabell 4. Personalområdet i FEK		
Tilstand for kjønnslikestilling	Menn	Kvinner
Kjønnsbalanse	2	11
Mellombels tilsette	0	1
Tilsette i deltidsstillingar	0	1
Foreldrepermisjon (gjennomsnittleg tal på veker)	0	0
Kjønnsfordeling på ulike stillingsnivå/grupper (kjønnskilnader i tal)	Menn	Kvinner
Seniorrådgivar	0	5
Avdelingsleiar	2	3
Rådgivar	0	2
Direktør	0	1
Tilsette som jobbar ufrivillig deltid (kjønnskilnad i tal eller prosent)	0	0

*Kvinnens del av løna til menn var i gjennomsnitt 89,6 %.*

## V. Vurdering av framtidsutsikter

Her vil vi utdjupe forhold i og utanfor FEK som kan påverke evna vår til å løse samfunnsoppdraget og dei fastsette måla framover.

I den nye strategien vår framhevar vi nokre utviklingstrekk som vi vil vere særleg merksame på framover. *For det første* understrekar vi det aukande mangfaldet av aktørar i forskning. Fleire aktørar gir nye moglegheiter for kunnskapsutvikling, men òg eit større behov for forskningsetisk kompetanse hos fleire. *For det andre* peikar vi på den raske utviklinga innan kunstig intelligens. Ho krev nye avklaringar av både individuelt og institusjonelt ansvar, og av korleis forskningsetiske normer skal forståast og nyttast på feltet. *For det tredje* er auka polarisering, truslar mot forskingsfridomen og svekt tillit til visse forskingsfelt forhold som pregar samtida vår. Alle desse forsterkar behovet for å løfte forskningsetikk som grunnleggjande for ansvarleg forskning. Den aukande geopolitiske uvissa understrekar behovet for å styrkje rammeverk som fremjar internasjonalt samarbeid og bidreg til ei felles forståing av grunnleggjande prinsipp for forskning.

Alle momenta understrekar kor viktig det er å arbeide breitt med forskningsetikk. Forskingsetikklova

har bidrege til å auke medvitnet om forskningsetikk ved institusjonane, og det går føre seg mykje godt arbeid. FEK ser at vi stadig treng å ha tett dialog med forskarar og forskingsinstitusjonar. Samstundes er det behov for å utvide prioriterte målgrupper for arbeidet vi gjer. I første omgang meiner vi det er viktig å følgje nærare opp korleis institusjonane tek ansvar overfor andre som deltek i forskning. Også andre aktørar må gjere ein innsats. Særleg er det behov for å tydeleggjere kva som er forskning og ikkje. Neste år er det ti år sidan forskningsetikklova tok til å gjelde. Det er ei god anledning til å gjennomføre ei ny undersøking av status. FEK meiner det då vil vere viktig å ha merksemd på ansvaret alle forskingsutførande institusjonar bør ta for forskningsetikk. SOPs4RI (Standard Operating Procedures for Research Integrity) er eit EU-finansiert prosjekt (Horizon 2020) som har utvikla ei nettbasert verktøykasse med standardiserte prosedyrar og retningslinjer for å fremje ansvarleg forskning hos forskingsutførande organisasjonar. Vi tilrår norske institusjonar å følgje desse. Dette er òg eit viktig ledd i arbeidet med å fremje ei harmonisert tilnærming til forskningsetikk i Europa, jf. ERA-tiltak nr. 18, der Noreg deltek.

# VI. Årsrekneskap

## Leiingskommentar til årsrekneskapen

### Føremål

Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK) er ein viktig del av det norske forskingssystemet og skal fremje etisk god og ansvarleg forskning. Verksemda blir driven i samsvar med forskingsetikklova med forskrifter. Etter lova skal det oppnemnast nasjonale forskingsetiske komitear som til saman dekkjer alle fagområde, og eit Granskingsutval.

Gjennom førebyggjande arbeid og rådgjeving, og gjennom gransking av saker om mogleg ureieleg forskning, skal FEK bidra til at forskning i offentleg og privat regi skjer i tråd med anerkjende forskingsetiske normer.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet gjennom instruks for økonomistyring.

### Vurdering av drifta i 2025

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet i verksemds- og økonomiinstruksen for FEK. Vi meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til FEK, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld. Prinsippnote ligg ved årsrekneskapen. Riksrevisjonen gjennomfører revisjon av rekneskapen til FEK. I 2025 har FEK følgd statlege rekneskapsstandardar (SRS), og lagt fram rekneskap i samsvar med dette systemet.

### Vurdering av vesentlege forhold

I 2025 har FEK disponert tildelingar på til saman 23 314 000 kroner. Verksemda har hatt eit moderat meirforbruk på 567 000 kroner (2,37 % av løyvinga). Meirforbruket kjem i all hovudsak av to forhold:

FEK hadde lønskostnader for ein tilsett som hadde vore sjukmeld over lengre tid, og for ein vikar samstundes gjennom 2025. Bakgrunnen var at vi hadde opp til 100 prosent sjukefråvær for tre tilsette hos FEK, i heile og delar av 2025. Sjukefråværet påverka den ordinære drifta i FEK. For å handtere driftsutfordringane blei det vedteke å tilsetje ein vikar i mellombels engasjement i eitt år, som starta 1. januar 2025.

I tillegg har vi dei siste åra hatt ein stor auke i arbeidsmengda for Nasjonalt utval for gransking av ureieleg forskning (GRU) og Den nasjonale forskingsetiske komiteen for medisin og helsefag (NEM). Dette krev meirarbeid frå medlemmene, noko som gir høgare honorarkostnader og andre kostnader for NEM. Sidan FEK er ei lita verksemd med dedikerte tilsette med spisskompetanse som handterer arbeidet i dei ulike komiteane og utvala, er moglegheitene for omfordeling av saksbehandlinga nær null. FEK har gjennomgåande hatt streng økonomistyring med tydelege prioriteringar. Vi prioriterer lovpålagde oppgåver, og nedprioriterer tiltak som ikkje direkte påverkar resultatata til FEK der vi kan.

### Investeringar

Det er ikkje gjort vesentlege investeringar i perioden. Det er heller ikkje planlagt vesentlege investeringar. Riksrevisjonen reviderer årsrekneskapen og er ekstern revisor for Dei nasjonale forskingsetiske komiteane. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato. Fullstendig revisjonsmelding er venta innan 1. mai 2026.

## Prinsippnote for oppstilling av løyvingrapportering og artskontorrapportering

Rekneskapen for statlege verksemder er utarbeidd og lagd fram etter nærare retningslinjer fastsette i føresegnene om økonomistyring i staten («føresegnene»). Rekneskapen er i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 frå november 2025 og eventuelle tilleggskrav frå Kunnskapsdepartementet. Det er utarbeidd ein eigen prinsippnote til verksemdsrekneskapen som blir ført i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret (eittårsprinsippet)
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret (fullstendep prinsippet)
- c) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret (fullstendep prinsippet)
- d) Utgifter og inntekter er førte med brutto beløp (bruttoprinsippet)

Oppstillingane er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krava i føresegnene punkt 3.5 til rapportering til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemnda er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen. Ved årsslutt blir saldoen på oppgjerkontoen nullstilt ved overgang til nytt år.

### Løyvingrapportering

Oppstillinga omfattar ein øvre del med sjølve løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemnda er oppført med i kapitalrekneskapen. Ho viser rekneskapstal som verksemnda har rapportert til statsrekneskapen, fordelte på dei kapitla og postane verksemnda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «samla tildeling» viser midlane som er stilte til disposisjon gjennom tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar som verksemnda er oppført med i staten sitt kapitalrekneskap.

Belastningsfullmakter mottekne frå andre verksemder blir ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtala i note B. Utgifter knytte til slike fullmakter er bokførte og rapporterte, og kjem fram i rekneskapskolonnen.

Avgitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte av verksemnda sjølv – dei blir rapporterte av mottakande verksemd og kjem derfor ikkje fram i rekneskapen her.

### Artskontorrapportering

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som verksemnda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemnda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

*Helene Ingierd*  
Helene Ingierd

Direktør, Dei nasjonale forskingsetiske komiteane,  
Oslo, 15. mars 2025

## VI. Årsregnskap

### Prinsippnote - SRS

#### Generelt

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med gjeldande SRS.

#### Nytte rekneskapsprinsipp

##### Opningsbalanse

FEK har teke i bruk dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) og la fram årsrekneskap etter desse standardane for første gong i 2024.

Ved utarbeiding av opningsbalansen er immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel verdsette til gjenanskaffingsverdi eller verkeleg verdi. Finansielle anleggsmiddel er verdsette til verkeleg verdi.

Gjenanskaffingsverdi for ein eigedel er det beløpet det vil koste dersom eigedelen skulle bli skaffa i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som eksisterande eigedel.

Omløpsmiddel er verdsette til gjenanskaffingsverdi eller verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande.

##### Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er tent opp. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet, når risiko og kontroll er overførte til kjøparen. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

##### Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatført etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntektene blir resultatførte i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene, blir utførte, det vil seie i same periode som kostnadene kjem (motsett samanstilling).

##### Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er brukte.

##### Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar i Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemda resultatfører arbeidsgjevardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler verksemda ein verksemdsspesifikk, hendingbasert arbeidsgjevardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, tyder at han blir berekna ut frå forholda i den enkelte verksemda, ikkje for grupper av verksemder samla. At han er hendingbasert, tyder at han tek omsyn til faktiske hendingar i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er ajour i forhold til oppteninga til medlemmet. Medlemsdelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

##### Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

##### Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og vesentlege eigedelar som blir disponerte av verksemda. Med varige eigedelar meiner ein eigedelar med utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med vesentlege eigedelar forstår ein eigedelar med anskaffingskost på kr 50 000 eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskiner og anna IKT-utstyr med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseførte som eigne grupper.

